

Planutvalet, møte 22. november 2017

Dato
 LEIKANGER, 07.11.2017

Arbeidsdokument 2/17. Regional strategisk plan for kysten - status kunnskapsdel og vidare strategiarbeid

Bakgrunn

I Regional planstrategi (2016-20) er det vedteke at det skal utarbeidast ein Strategisk plan for kysten. Planprogrammet vart vedteke i november 2016 (FU- sak 112/16). Plantema med undertema er gitt i planprogrammet og omhandlar; Bu og leve på kysten, Næringane på kysten, Samferdsle, Natur og miljø, Beredskap og kriser. Plantemaa er omfattande, og det har vore krevjande å avgrense utgreiingane. Det er i planprogrammet lagt opp til brei medverknad i planarbeidet.

Revidert framdriftsplan vart vedteken i fylkestinget no i oktober (FT-sak 34/17). Ut frå denne skal planen vedtakast av fylkestinget i juni 2018. Vedteke planprogram, og oppsummeringa frå møte i strategigruppa og referansegruppa finn de her; <http://www.sfj.no/planar-under-arbeid>


I dette dokumentet vert det orientert om status for kunnskapsdelen, og vidare arbeid med strategiar og handlingsdel til strategiane.

Planprogrammet er omfattande, og det var tidleg peika på at ein må gjere prioriteringar innan ulike plantema. I samsvar med planprogrammet er det gjennomført prosessar med referansegruppe, strategigruppe og ulike temagrupper. Samtidig er det sett saman eit kunnskapsgrunnlag basert på gjennomgang av kjent kunnskap i eigne planar og analyser, supplert med informasjon frå andre relevante utgreiingar og analyser innan det aktuelle tema. Kunnskapsgrunnlaget er bygd opp etter same mal som planprogrammet. Her har temagruppene spelt ei viktig rolle.

Innspel til tema/område for vidare arbeid med strategiar

På grunnlag av planprosessen og kunnskapsinnhentinga peika strategigruppa og referansegruppa, i fellesmøte 20. oktober, ut sentrale tema/område som grunnlag for utarbeiding av strategiar.

Figuren under viser kortversjonen:



1. Felles arealplanlegging langs kysten for å gjere avklaringar av arealbruk på overordna nivå slik at ulike interessegrupper veit kva dei kan forholde seg til. Ut frå gitte kriterium kan ein få sett av det best eigna arealet til ulike føremål til bruk og vern, uavhengig av kommunegrenser og den enkelte kommune sine planressursar. Stikkord:
 - a. Areal til havnæringane på land og sjø.
 - b. Klargjering av arealvern og andre brukarinteresser.
 - c. Felles arbeid med senter og tettstadsstruktur langs kysten.
 Arealplanlegging i tett samarbeid mellom næring og forvaltning (ein må forstå kvarandre for å lukkast).

2. Felles satsing på samferdsle for å utvide bu-, arbeids- og serviceområda (BAS-områda) langs kysten. Eit langsiktig arbeid for å realisere kystvegen og på kortare sikt betre vilkåra for transport av personar og gods sjøvegen, samt etablere digital infrastruktur. Stikkord:
 - a. Større BAS-område gjev større attraktivitet for næringsutvikling og busetjing.
 - b. Meir person- og godstransport sjøvegen. Krev meir klimavennleg transport og grunnlag for nyskapande teknologi og næringsutvikling lokalt (Hydrogenprosjektet?).
 - c. Ei auka satsing på samferdsle nord-sør langs kysten, sjøvegen, kan gi nye BAS-område.
 - d. Betre digital infrastruktur aukar potensialet for desentralisert næringsutvikling og aukar tryggleiken langs kysten.

3. Felles kompetanseutvikling i tett samarbeid med næringane på kysten. Stikkord:
 - a. Raud tråd i «utdanningsaksen» - korleis utvikle utdanninga saman med næringa – frå vgs til fagskule til høyskule.
 - b. Rammvilkår for å kople næringa og utdanningsinstitusjonane. Praksisplassar er særskilt viktige både for næringa og for å lukkast med å behalde unge arbeidstakarar i regionen.

4. Samarbeid på alle plan i næringsutviklingsarbeidet gjev små aktørar meir tilgang til tid og kapital til å gjere seg god nytte av moglegheitene som finst. Mykje av næringslivet langs kysten består av små aktørar, og er avhengige av auka samarbeid for å stå best mogleg rusta for framtida. Ein ser dette hjå dei store verksemdene, ein ser dette på tvers av næringssektorar og ein ser dette som suksessfaktor andre stader i landet. Eit auka fokus på samarbeid mellom forvaltning og næring, med nær dialog frå støtteordningar (Innovasjon Norge, Forskingsrådet mv) via næringsorganisasjonar til realiserte prosjekt visar seg å være avgjerande. Stikkord:
- Meir samarbeid offentleg-privat for å sikre best mogleg rammevilkår.
 - Meir samarbeid på tvers i næringane for å skape nye produkt og tenester.
 - Havbruk, meir lokal verdiskaping av laks og kvitfisk.
 - Synergiar frå restråstoff og nye produkt frå t.d. algar, skjel og tare.
 - Opplevingsnæringane (reiseliv) sitt potensiale langs kysten.
 - Heile verdikjeda for alt knytt til sjøen/havet har enno store moglegheiter langs kysten.
5. Organisering. Sterkare prioritering av kystsamarbeid framfor andre samarbeid for å sikre merksemd og oppfølging av felles lokale/regionale satsingar og rammevilkår. Samstundes stå sterkare for å påverke nasjonal lovgjeving og rammevilkår. For å lukkast må ein framstå med ei felles stemme. Stikkord:
- Nytt felles regionråd på og for kysten.
 - Nytt felles næringsutviklingsselskap for kysten.
 - Samle næringane i størst mogleg grad, havnæringane må stå samla for å lukkast i den krevjande tida som kjem med stadig auka konkurranse og nye marknader.

Strategisk plan for kysten handlar i hovudsak om å «byggje bruer», både fysiske og mentale. Dei fysiske går i lufta, på sjøen, langs vegane og på digitale motorveggar. Dei mentale gjeld nye organisasjonar og fagleg/politisk og næringsrelatert samarbeid, der kysten sitt potensiale står i fokus. I dette ligg også potensiale for auka samarbeid «ut i verda», på tvers av kommunegrenser, og kanskje minst like viktig på tvers av regionar og landegrenser.

Tilråding:

Planutvalet sluttar seg til at det vert utarbeida strategiar med utgangspunkt i temaa ovanfor.

Problemstillingar i strategiarbeidet

Temaa ovanfor viser kva aktørane på kysten er opptekne av. Dette samsvarar òg i hovudsak med plantema i kunnskapsgrunnlaget.

Eit forhold er at mange av temaa over er tekne opp i eksisterande regionale planar, og planar som er under utarbeiding. I arbeidet framover, og til neste møte i strategigruppa (8. desember), vert det jobba med å sjekke ut kva og korleis gjeldande (fylkeskommunale) planar (også dei under arbeid) dekkjer opp dei tema som aktørane på kysten er opptekne av. Dette for at strategien skal kunne setje dei ulike satsingane på kysten inn i eit system og sikre at dei supplerer kvarandre, og ev. dekkjer område som ikkje er tilstrekkeleg handtert.

Ei anna problemstilling er korleis denne strategien skal samverke med gjeldande regionale planar, som t.d. Regional transportplan som skal vedtakast no i desember. Strategiarbeidet vil kunne kome til å utfordre prioriteringar og vedtak i desse planane. Dette vil vi handtere slik at alle innspel, også dei som utfordrar nyleg vedtekne planar, vert omtala i kunnskapsgrunnlaget. Vi vil vere tydelege på

kor planprosessen avdekkjer kunnskap/innspel som utfordrar prioriteringar som nyleg er gjort i gjeldande regionale planar, eller skal gjerast i nær framtid. Likeins vil vi gjere tydeleg kva som kan supplere og styrke, eller dekke område som ikkje er dekkja i gjeldande regionale planar.

Sjølve strategien vil i nokon grad kunne utfordre prioriteringar som nyleg er gjort i gjeldande regionale planar, eller skal gjerast i nær framtid (t.d. Regional transportplan). Vi legg vekt på at strategien skal kunne setje dei ulike satsingane på kysten inn i eit system og sikre at dei supplerer kvarandre, og ev. dekkjer område som ikkje er tilstrekkeleg handtert tidlegare.

Det er likevel viktig at både fylkeskommunale og regionale planar støttar opp under kvarandre. I dei må uansett ikkje stå i motstrid til kvarandre. Tilråding:

Planutvalet er innforstått med at strategiarbeidet i nokon grad kan kome til å utfordre prioriteringar i fylkeskommunale eller regionale planar. Det er likevel viktig at vi har eit sett av planar som peikar i same retning og at dei ikkje står i direkte konflikt med kvarandre.

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Synnøve Stalheim
plansjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Planutvalet sluttar seg til at det vert arbeida vidare med strategiar med utgangspunkt i temaa ovanfor.

Planutvalet er innforstått med at strategiarbeidet i nokon grad kan kome til å utfordre prioriteringar i fylkeskommunale eller regionale planar. Det er likevel viktig at vi har eit sett av planar som peikar i same retning og at dei ikkje står i direkte konflikt med kvarandre.